



Mars 2015

Nr.2



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL Nytt frå fylkesmannen - Helse, sosial og barnevern Tilsynserfaringar

Helse—og sosialmelding 2014

Helse og sosialmeldinga for 2014 tar sikte på å gje eit godt innblikk i nokre av dei områda som helse og sosialavdelinga hos Fylkesmannen arbeider med. Meldinga fokuserer på ein del av dei utfordringane ein ser i Møre og Romsdal. [Les meir](#)



Nasjonale mål og prioriteringer på helse - og omsorgsområdet i 2015

Rundskrivet IS-1 er Helsedirektoratets årlege skriv til kommunane, til regionale helseforetak og fylkeskommunar, samt til fylkesmennene. Målgruppa er administrativ og politisk leiing.

Rundskrivet vidareformidlar viktige nasjonale mål og prioriteringar på helse- og omsorgsområdet i 2015. Det gir ikkje ei fullstendig oversikt over dei aktivitetane aktørene har ansvaret for.

Målet med rundskrivet er at mottakarane brukar informasjonen i sitt arbeid, og at ei samla framstilling medverkar til informasjonsdeling og koordinering på tvers av målgruppene.

Utgangspunktet er statsbudsjettet(Prop.1 S), departementets tildelingsbrev til direktoret og direktoratets strategiske plan for 2014-2018.



[Klikk her](#)

Kommunalt kompetanse og innovasjonstilskot

Tilskot til kompetanseheving og innovasjon for å stimulere kommunane til å møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester.

Utfordringsbiletet slik det står i Meld St 29(2012-2013) Morgendagens omsorg kap 1.2.2 gjev overordna føringer for tilskotsordninga. Kommunar kan søkje om midlar til kompetanseutvikling, opplæringstilskot knytta til brukarstyrt personleg assistanse og innovasjonsprosjekt.

Kven som kan søkje: Kommunar.

Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.

Søknadsfrist: 11.05.2015

Beløp som skal fordelast: kr. 13 712 999,-

[Relaterte dokument og skjema her](#)

Ny ordning for tilskot til psykisk helse og rusfeltet for 2015

Den nye ordninga, kalla «Tilbud til voksne med langvarige og sammensatte behov for tjenester og barn og unge med sammensatte hjelpebehov», samlar fem tidlegare tilskotsordningar til ei. Desse er:

«Tilskudd til tverrfaglige aktivt oppsøkende behandlings-team/ACT- team»

Søkjrarar som tidlegare har fått innvilga tilskot over desse ordningane må/kan søkje vidareføring over den nye ordninga. Formidle gjerne denne informasjonen til andre aktuelle søkerar i kommunane og i helseføretaket.

«Tilskudd til utvikling av organisatoriske forpliktende samhandlingsmodeller innen psykisk helsefeltet»

Søknad for 2015 skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

«Tilskudd til storbyene - psykisk helse»

NY SØKNADSFRIST 17 april 2015.

«Tilskudd til styrking av samarbeid om utskrivningsklare pasienter (kommune/tverrfaglig spesialisert rusbehandling)»

[Kunngjøring m. søknadsskjema H-dir](#)

«Tilskudd til utvikling og utprøving av samhandlingsmodeller på rusfeltet»

Tilskot til kompetansetiltak innan psykisk helse- og rusarbeid

Ordninga erstattar tidlegare stimuleringstilskot til vidareutdanning innan psykisk helsearbeid, psykososialt arbeid med barn og unge, og rusproblematikk. Kommunar, fylkeskommunar og statle-

Det kan søkjast tilskot til:

- Lønskompensasjon (lønnstilskot) for tilsett som tek vidareutdanning ved universitet og høgskular innan psykisk helse- og rusproblematikk, eller annan type vidareutdanning på tilsvarende nivå som er relevant for psykisk helse og rusfeltet. Vidareutdanninga må tilsvara minimum 30 studiepoeng.

- Unntaksvis kan det innvilgast tilskot til reisekostnader (reisetilskot) i samanheng med utdanning nemnt ovanfor.
- Lønnstilskot til fagskule vidareutdanning som er relevant for psykisk helse- og rusarbeid.
- Fagleg rettleiing.

[Kunngjering med søknadsskjema og regelverk](#)

Tilsynsmelding 2014 er klar

Nyhet fra Statens helsetilsyn. Kor har det svikta? Kor alvorleg er det? Kven har ansvaret for å rette opp feila? No kan du få svaret i Tilsynsmelding 2014...



Helsetilsynet gjev i tilsynsmeldinga eit oversyn over saker som er sentrale for sosiale tenester i Nav, barneværn-, helse- og omsorgstenester og for den offentlege debatten om tenestene.

Dette er ei årleg melding frå Statens helsetilsyn og ho speglar aktiviteten og verksemda vår i fjaråret.

[Les meir](#)

Demenskonferansen 2015 "Kva gjer dei som lykkast?" - presentasjonar

Demenskonferansen 2015 blei arrangert 11. og 12.mars 2015 på Quality Waterfront hotell, Ålesund. Alle plansjane i høve konferansen finn du [her](#)



Kompetanseløftet 2015- eit treffsikkert reiskap

Det er stor auke i talet på tilsette som gjennomfører utdanning i vårt fylke. Kompetanseløftet 2015 (K2015) er regjeringa sin kompetanse- og rekrutteringsstrategi for den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Rapporteringa for Møre og Romsdal i 2014 viser stor auke i talet på tilsette som gjennomfører utdanning i helse- og omsorgstenesta .

høgskuleutdanna personell, 172 personar, og av dei var det 73 personar som fullførte leiarutdanning.

[Les meir](#)

Det var 289 personer og det er det høgste talet på planperioden for Omsorgsplan 2015.



Den største auka var for vidareutdanning for

Statusrapportering demensomsorgas ABC, pårørande- og dagaktivitetssatsinga

Statusrapportering pr 01.04.2015 på ABC-aktivitet, pårørandesatsinga og dagaktivitetssatsinga. Oversikt frå Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse.

Kommunane i Møre og Romsdal har størst prosentandel av tilsette i pleie- og omsorgstenesta som har fullført Demensomsorgas ABC perm 1. Les [meir](#)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal:

**Med våre verdiar
Rettferdig, kompetent, open og engasjert**

**nå vår visjon
om ei trygg framtid for folk og natur.**

Kurs og konferansar

Fylkesmannen.no

Og bedre skal vi bli

Tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklives-, lærings- og meistringstilbod for 2015

Det er no høve til å søkje om tilskot til kommunale frisklives-, lærings- og meistringstiltak. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har 1 000 00 kroner til disposisjon, og søkerfrist er 12. mai.

Målet for ordninga er å stimulere til utvikling av kommunale helse- og omsorgstenester som støttar opp under og realiserer måla i samhandlingsreforma og NCD-strategien om å fremje fysisk og psykisk helse, førebyggje sjukdom, bidra til meistring av sjukdom og til betre ressursutnytting av samla innsats i helse- og omsorgstenestene. Les [meir](#)

God påske

